

# ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER

Vedtatt av kommunestyret i møte 24. september 2020, i kommunestyresak 155/20.

## 1. Bevillingsreglement

### 1. MÅL FOR BEVILLINGSPOLITIKKEN

- 1.1.1 Ved handsaming av søknader om sals- og skjenkebevillingar er målet i størst mogeleg utstrekning å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebere.

### 2. GENERELLE FØRESEGNAR

- 2.1. Bevilling etter alkohollova vert gitt til drivar av verksemda.
- 2.2. Bevilling vert gitt etter fylgjande gruppering (jf. alkoholforskrifta § 1-1):  
Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol  
Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol
- 2.3. Lokala der bevillinga skal utøvast skal vere godkjent av rett bygningsinstans til den bruk det vert søkt om før søknaden blir behandla. Dokumentasjon skal fylgje søknaden.
- 2.4. Kommunen sine søknadsskjema skal nyttast.
- 2.5. Kor raskt ein søknad kan handsamast vil være avhengig av om søknaden skal avgjerast politisk eller administrativt, møteplanar og sakshandsamingskapasitet. Generelt må ein søknad leverast med alle naudsynte vedlegg minimum 4 veker før ein ynskjer å ta i bruk bevillinga. For ambulerande skjenkebevilling og alminneleg skjenkebevilling for ein enkelt anledning er søknadsfristen 2 veker før arrangementet. Sakshandsaminga starter ikkje før fullstendig søknad med naudsynte vedlegg føreligg.
- 2.6. Bevillingsinstansen kan unntaksvis fråvike reglane i bevillingsreglementet. Dersom dette vert gjort, må det gjevast ei grunngjeving for fråviket.
- 2.7. Tidspunkt for sal av øl, opnings- og skjenketider er fastsatt i eiga forskrift.
- 2.8. Sals- og skjenkeavgifter vert fastsett i samsvar med forskrift til alkohollova.

- 2.9. Styrar og avløyisar skal dokumentere å ha gjennomført kurset «Ansvarleg alkoholhandtering» innan eitt år etter å ha starta i stillinga. Bevillingshavar skal gjennomføre tilsvarande opplæring av sine tilsette som ein del av verksemda sitt internkontrollsystem.
- 2.10. Det er eit krav at tilsette på sals- og skjenkestadar ikkje er under påverknad av rusmidlar i arbeidstida.

### **3. SALSBEVILLINGAR**

- 3.1. Nye bevillingar for sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 til forbrukar vert gitt av kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren har gitt mynde, i saker av ikkje prinsipiell karakter. Vert ei sak vurdert til å vere av prinsipiell karakter skal saka avgjerast av kommunestyret.
- 3.2. Ved handsaming av nye søknader om salsbevillingar skal det leggst vekt på eigenskaper ved salsstaden som er fastlagt gjennom konsept. Konseptet kan ikkje endrast utan ny godkjenning.
- 3.3. Ei bevilling omfattar det lokalet og det driftskonseptet som var nemnt i søknaden då bevillinga vart gitt.
- Utviding av salsarealet eller vesentleg endring i driftskonseptet må handsamast som ny søknad.
- 3.4. Salsbevillingar vil som hovudregel gjelde inntil vidare, men kommunen kan vedta at dei likevel skal handsamast på nytt, jf. alkohollova § 1-6. I staden for krav om fornying, kan kommunen endre eller fastsetje nye vilkår for eksisterande bevillingar i same utstrekning som ved handsaming av ny bevilling.

### **4. SKJENKEBEVILLINGAR**

- 4.1. Nye bevillingar for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 vert gitt av kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren har gitt mynde, i saker av ikkje prinsipiell karakter. Vert ei sak vurdert til å vere av prinsipiell karakter skal saka avgjerast av kommunestyret.
- 4.2. Skjenkebevilling skal fortrinnsvis ikkje tildelast stader:
- som i stor grad vert besøkt av born og ungdom eller som ligg i tilknyting til aktivitetar som rettar seg mot born og ungdom.
  - som har automatar for pengespel eller gambling. Som slik automat vert ikkje rekna kronespelautomat/knipsekasse, og mynt-skyver (Coin-pusher).
  - i eller ved idrettsanlegg eller ved idrettsarrangement. Skjenking på slike stader kan berre skje på avgrensa område avskjerma frå ordinært publikum.
- 4.3. Varigheit på skjenkebevillingar:

- 4.3.1. Skjenkebevillingar med konsept pub/bar og utestad vert gjort gjeldande for ein periode på inntil fire år, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.
- 4.3.2. Skjenkebevillingar med konsept som ikkje er pub/bar og utestad vil som hovudregel gjelde inntil vidare, men kommunen kan vedta at dei likevel skal handsamast på nytt, jf. alkohollova § 1-6. I staden for krav om fornying, kan kommunen endre eller fastsetje nye vilkår for eksisterande bevillingar i same utstrekning som ved handsaming av ny bevilling.
- 4.4. For søknadar om skjenkebevilling med konsept pub/bar og utestad må søkjar dokumentere forsvarleg kompetanse til dørvakt-oppgåvene, anten ved godkjent eigenvakthald eller avtale om innleie av godkjent vaktsselskap.

#### 4.5. Uteareal:

##### 4.5.1 Søknad om skjenking og servering i uteareal

Ved søknad om bevilling for skjenking i uteareal må fylgjande vere vedlagt:

- dokumentasjon på at det aktuelle arealet er godkjent brukt til dette formålet av huseigar, politi og kommunen v/verksemd Veg, anlegg og park, og/eller verksemd for plan- og bygning. Dette for at reguleringsføresegnene også er ivaretatt.
- teikningar som viser korleis arealet er tenkt avgrensa i høve til alminneleg ferdsel (jf. rullestol, barnevogn, svaksynte m.m.).

Det vert berre gitt bevilling for område som kan avgrensast fysisk slik at dei ikkje er til hinder for ferdselen, og slik at dei tydeleg kan definerast som separat område.

##### 4.5.2 Bruk av uteareal

Bruk av fortau er regulert av politivedtektene. Det er såleis ikkje tillate å sette ut noko som kan vere til hinder for alminneleg ferdsel, til dømes bord og stolar, skilt og liknande. Skjenke- og serveringsareal utandørs skal vere tydeleg avgrensa frå ferdselsareal. Uteareal bør ikkje nyttast etter midnatt der dette kan være til belastning for naboar.

- 4.6. Ei bevilling omfattar det lokalet og det driftskonseptet som var nemnt i søknaden då bevillinga blei gitt.

Utviding av skjenkearealet og/eller talet på gjesteplassar eller vesentleg endring i driftskonseptet må handsamast som ny søknad.

- 4.7. Ved handsaming av nye søknader om skjenkebevilling skal det leggjast vekt på eigenskaper ved skjenkestaden som er fastlagt gjennom konsept. Konseptet kan ikkje endrast utan ny godkjenning.

## 5. **AMBULERANDE SKJENKEBEVILLING OG ALMINNELEG SKJENKEBEVILLING FOR EI ENKELT ANLEDNING**

- 5.1. Lokale som er tilgjengeleg for publikum, som vert eigd eller driven av private eller offentlege organ, som rådhus, kulturhus/samfunnshus, teater, kino, utstillingslokale, idrettshall, spelehall, forsamlingslokale, klubbhus, foreiningslokale, forretningslokale mv., kan bli gitt fylgjande skjenkebevillingar:
- a) Alminneleg skjenkebevilling for ei enkelt anledning ved ope arrangement.

b) Ambulerande skjenkebevilling for ei enkelt anledning til deltakarar i slutta selskap.

For ope arrangement på meir enn 6 dagar må søknad vere kommunen i hende innan 6 veker før arrangementet.

## **6. RETNINGSLINER FOR REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVA (kapitlet svarar til alkoholforskrifta kapittel 10)**

- 6.1. Føresegnene om prikktildeling og inndraging i punkt 6.2 til 6.6 gjeld der kontroll gjennomført i medhald av kapittel 9 i alkoholforskrifta eller rapport frå andre organ, avdekkjer at innehavar av kommunal sals- eller skjenkebevilling ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, føresegner gitt i medhald av alkohollova, føresegner i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollova sitt formål, eller plikter som fylgjer av vilkår i bevillingsvedtaket.
- 6.2. Ved brot på føresegnene som nemnt i punkt 6.3 skal kommunen tildele bevillingshavar eit bestemt tal prikkar. Likearta brot avdekt ved same kontroll skal sjåast som eitt enkelt brot.  
Dersom bevillingshavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunen inndra bevillinga for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunen auke lengda på inndraginga tilsvarande.  
Ved utrekning av toårsperioden skal tidspunkta for då brota skjedde leggst til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om bevillinga er fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved overdraging starter ny periode på overdragingstidspunktet, jf. alkohollova § 1-10 første ledd.
- 6.3. Fylgjande brot fører til tildeling av åtte prikkar:
- sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 andre ledd
  - brot på bistandsplikta, jf. § 4-1 andre ledd i alkoholforskrifta
  - brot på kravet om forsvarleg drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
  - hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.
- Fylgjande brot fører til tildeling av fire prikkar:
- sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmiddel, jf. § 3-1 i alkoholforskrifta,
  - skjenking til person som er, eller ein må anta vil bli, openbart påverka av rusmiddel, jf. § 4-2 første ledd i alkoholforskrifta
  - brot på sals-, utleverings- og skjenketidsføresegnene, jf. alkohollova § 3-7 og § 4-4
  - skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkohollova § 1-5 første ledd
  - brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.
- Fylgjande brot fører til tildeling av to prikkar:
- det gis tilkomst til lokalet til person som er openbart påverka av rusmiddel, eller bevillingshavar ikkje sørger for at person som er openbart påverka av rusmiddel forlét staden, jf. § 4-1 i alkoholforskrifta
  - manglar ved bevillingshavaren sin internkontroll, jf. alkohollova § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i alkoholforskrifta

- manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i alkoholforskrifta

- manglande betaling av bevillingsgebyr innan kommunen sin frist, jf. kapittel 6 i alkoholforskrifta

- brot på krav om styrar og stedfortredar, jf. alkoholoven § 1-7c

- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden, jf. alkoholova § 1-8 andre ledd

- gjentatt diskriminering, jf. alkoholova § 1-8 andre ledd.

Fylgjande brot fører til tildeling av ein prikk:

- brot på kravet om alkoholfrie alternativ, jf. § 4-6 i alkoholforskrifta

- brot på reglar om skjenkemengde, jf. § 4-5 i alkoholforskrifta

- konsum av medbrakt alkoholhaldig drikk, jf. § 4-4 i alkoholforskrifta

- gjester tar med alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i alkoholforskrifta

- brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad, jf. § 3-3 i alkoholforskrifta

- brot på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholova § 3-2 og § 4-3

- brot på reklameforbodet, jf. alkoholova § 9-2, jf. kapittel 14 i alkoholforskrifta

- andre brot som vert omfatta av alkoholova § 1-8 første ledd, jf. mellom anna alkoholova § 3-1 sjette ledd, § 4-1 andre ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

6.4 Dersom det ligg føre heilt særskilde og svært formildande omstende, kan kommunen tildele færre prikkar for eit brot enn det som fyl av punkt 6.3.

Dersom det ligg føre svært skjerpande omstende, kan kommunen tildele fleire prikkar for eit brot enn det som fyl av punkt 6.3. Kommunen kan ved svært skjerpande omstende også auke lengda på inndraginga ut over det som fyl av punkt 6.2, og i dei mest alvorlige tilfella for resten av bevillingsperioden.

Dersom omstende som nemnt i første og andre ledd vert vektlagt, skal dette grunngevast særskilt i vedtaket.

6.5. Vedtak om prikktildeling

Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar.

Kommunen gjer enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Bevillingshavar skal i samband med vedtaket orienterast om mogelege konsekvensar ved fleire prikktildelingar.

Forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak i kapittel IV til VI gjeld, medrekna krav til førehandsvarsel, grunngjeving og klage.

Klage på prikktildeling

Vedtaket om prikktildeling kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. Der klageretten ikkje vert nytta, kan tildeling av prikkar likevel klagast på i samband med klage på seinare vedtak om inndraging der tildeling av prikkar inngår som grunnlag.

Klager vert handsama av kommunen. Fylkesmannen er endeleg klageinstans.

6.6. Vedtak om inndraging

Dersom tildeling av prikkar utgjer grunnlag for inndraging, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om inndraging av bevillinga.

Kommunen gjer enkeltvedtak om inndraging av bevilling på grunnlag av tildeling av prikkar.

Forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak i kapittel IV til VI gjeld, medrekna krav til førehandsvarsel, grunngjeving og klage.

Vedtaket om inndraging skal som hovudregel settast i verk innan fire veker etter datoen for vedtaket, jf. alkoholforskrifta § 10-6.

Klage på inndraging

Vedtaket om inndraging kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Klager vert handsama av kommunen. Fylkesmannen er endeleg klageinstans.

Ein eventuell klage på vedtak om inndraging vil som hovudregel ikkje gje utsett iverksetting av inndraginga.

## 2. Delegasjonsmynde

Med heimel i Delegeringsreglementet for Ålesund kommune og kommunelova § 11-8 (hastesaker) skal desse instansane ha fylgjande mynde etter Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (Alkoholova) av 02.06.1989, nr. 27:

### 1. Kommunestyret

a) Avgjer om alle eller nokre sals- og skjenkebevillingar skal gjelde vidare i inntil fire år utan fornying, jf. Alkoholova § 1-6.

b. Fastset talet på ambulerande skjenkebevillingar som ikkje er knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, som kan brukast på stadar som vert godkjent for eit enkelt høve og for skjenking til deltakarar i slutta lag, jf. Alkoholova § 4-5.

c. For inneverande bevillingsperiode skal det vere 30 ambulerande skjenkebevillingar som nemnt i pkt. 1.c.

2. **Kommunestyret** skal treffe vedtak i saker etter alkoholova som vert vurdert å vere av prinsipiell karakter.

3. **Kommunedirektøren** får mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og alle typar av saker etter alkoholova som av kommunedirektøren vert vurdert å ikkje vere av prinsipiell karakter, og som ikkje skal avgjerast av kommunestyret, med høve for vidaredelegering.

## 3. Rapportering

Kommunedirektøren skal innan utgangen av kvart år rapportere til helse- og omsorgskomiteen status når det gjeld utvikling i tal på sals- og skjenkebevillingar samt gitte sanksjoner for brot på bevillingsreglementet.